

## Vest-Telemark Kraftlag Nett AS

### KUNDEINFO OM MEIR/MINDRE-INNTEKT

Viser til oppslag i media dei siste dagane på bakgrunn av at nokre nettselskap har teke inn for mykje i nettleige og over mange år lege med gjeld til sine nettkundar. VTK har heile tida hatt motsatt strategi og grafen under dokumenterer dette.

På det meste hadde VTK 47 mill.kr til gode av sine nettkundar (2013). Dette har gradvis blitt redusert for å imøtekoma krav frå NVE om at saldo bør ligge omkring null.

At ein havna litt på motsett side pr 31.12.2020 skuldast 11 mill.kr i ekstraordinære KILE-kostnader pga mange straubrot i desember 2020. Utan dette ville saldo pr 2020 vore ca + 4 mill.kr.

I 2021 blei nettleiga sett ned for å tilbakebetale denne meirinntekta og koma tilbake i ein «til gode-situasjon».

Diverre fekk vi en ny KILE-smell etter stormen 19.november på 12 mill.kr. Dette vil truleg medføre at planen for 2021 ikkje blir oppfylt og at VTK vil ha ei lita gjeld til nettkundane også pr 31.12.2021. Den vil bli utbetalt over redusert nettleige i 2022.

VTK sitt styringsmål er å ligge med 5-10 mill.kr til gode hjå kundane, men sidan det er mange faktorar utanfor vår kontroll som påverkar sluttresultatet (uvær med KILEkostnader, spotpris, temperatur (forbruk), eigedomskatt, ...m.m.), så må ein rekne med avvik på +- 10 mill.kr i høve til plan.

